




ÅRSMELDING
2016
Sykkylven sokneråd

ÅRSMELDING 2016

SYKKYLVEN SOKNERÅD

Sykkylven sokneråd har følgjande medlemmar:

Frå 1 november 2015:

Sokneprest:	Helge Standal
Leiar:	Torbjørn Støylen
Nestleiar:	May Lisbeth Hovlid Aurdal
Medlemmer:	Liv Nordli Hole, Monica Breivik Orre, Bjørg Djupvik Grebstad, Janne Beate Svindseth,
Skrivar	Knut Henning Aursnes (1.vara møter fast)

Frå 6. Desember 2016

Leiar	May Lisbeth Hovlid Aurdal
Nestleiar	Bjørg Djupvik Grebstad

Antal soknerådsmøter i 2016: 7 møter
+ felles strategimøte med Ikornnes sokneråd
Antal soknemøter i 2016: ingen
Handsama 42 saker

Arbeidet i rådet generelt 2016

Vi viser til møtereferata som ligg ute på heimesida til Sykkylven kyrkje (www.sykkylven.kyrkja.no) for nærare detaljar og meir informasjon.

Av sakene i 2016 kan nevast:

Misjon /satsing / misjonsutval / ny misjonsavtale
Trusopplæringsplanen godtkjendt av biskopen
Prioritering av offer,
Utleige av Sykkylven kyrkje til konsertar,
Uttale om flyktningssituasjonen
Song og taleanlegg,
Nye prosjektorar til kyrkjerommet,
Utsmykking av kyrkjestova - Utsmykking av våpenhus

Strategisamling

Ikornnes og Sykkylven sokneråd hadde saman med staben, ei felles strategisamling i Ikornnes kyrkje i november, der ein saman såg på kva arbeid vi har, og starta snakke om kva vi ynskjer å sette fokus på vidare i Gudsteneste, Barnearbeid, Ungdomsarbeid og kyrkjelydsarbeide ellers. Dei ulike forslaga var blant anna :

Invitere personleg, meir informasjon gjennom oppslagstavla, facebook og anna, vere inkluderande, snakke vel om arbeidet, Invitere foreldre og fadderar til dåpsmarkering, natursti og friluftsgudsteneste.

Støttande vaksne til ungdomsarbeidet, barne og ungdomsråd, fokus på ledertrening. Involvere fleire i arbeidet på alle områder,- ord,sang, musikk. Samtalegrupper, nye arenaer og salmekveldar for å fremme fellesskapet.

Utval:

Barne- og ungdomsutval

Soknerådet har utfordra til oppretting av dette, og det held på å kome i gong.

Misjonsutval

Felles misjonsutval for Sykkylven og Ikornnes sokn vart oppretta hausten 2016. Misjon skal vere ein dimensjon i alt kyrkja er og gjer, - både for barn, ungdom og vaksne. Misjonsutvalet skal arbeide for å verkeleggjere denne visjonen, saman med frivillige og tilsette. Vere ein pådrivar, so misjon vert integrert i trusopplæring, og gudstenester.

Fornya misjonsavtale i Thailand med NMS har blitt foreslått i utvalet og vedteke i soknerådet.

Andre avtalar vert jobba vidare med.

Medlemar :

Nancy Blindheim Kolstø, Trygve Ebbesvik, Therese K. Børnes Utgård, May Lisbeth H. Aurdal.

Fokuskurs på Angvik

Desse tok del:

Björg D.Grebstad og Torbjørn Støylen frå SR og Rose Iren Stave, Arild Sporsheim, Elise Ullavik og Katrine Numme frå staben.

Arrangement som soknerådet hadde ansvar for i 2016

Temakveld "Ny vigselsturgi" 13. juni i kyrkjekjellaren, -.

Prestane la fram sine syn, og medlemmer i kyrkjelyden fekk kome med synspunkt og stille spørsmål. Utfordrande, nyttig og nødvendig.

Eldresdag 30.oktober

Det var litt mindre oppmøte enn tidligere år, men stemninga rundt borda var god. Middag og dessert blei servert, diverse underhaldning og helsingar frå varaordførar Anne-Karin Watters stod på programmet. Eit godt diakonalt tiltak i samarbeid med Sykkylven kommune.

Medarbeidarfest 30.mars

Her vart alle frivillige medarbeidarar invitert,- alle som kjende seg engasjert for kyrkja. Uansett om ein har faste oppgåver eller ikkje. Melding gjekk ut til omlag 200 stk,- med melding om å dele invitasjonen med andre. Varm mat og kaker vart servert. Tore Johan Øvstebø snakka om frivilligheit. Det var allsang og bordkonkurranse. Sokneråd og stab takka alle de frivillige for den viktige jobben dei gjer for kyrkjelyden vår. Det er viktig å syneggjere at alle "med-lemer" betyr noko, uansett kva oppgåve/engasjemang ein har i kyrkja.

Årsmøte 10.april

Det var tillyst årsmøte etter gudstenesta. Ved ei misforståing, vart det samling ute med kyrkjekaffi ved leikeparken rett etter gudstenesta og årsmeldinga vart delt ut til der.

Kyrkjemesse september

Kyrkjemessa vart arrangert med godt frammøte av alle aldrar,- og stort engasjement. Variert program for store og små. Resultatet vart kr. 117 160,- som vart overført til fond for barne- og ungdomsarbeid og trusopplæring. Kyrkjemessa er svært viktig på mange måtar, ikkje berre inntektsmessig, men ikkje minst det engasjementet det skapar ved at så mange flotte frivillige er med. Soknerådet vil rette en stor takk til kyrkjemesse-styret som gjorde/gjer ein uvurderleg jobb for å få til kyrkjemessa kvart år.

Onsdagsmiddag i kyrkjekjellaren

annakvar onsdag- i partalsveker. Her er alle velkomne, - både barnefamiliar og alle som kan tenke seg å ete i lag med andre! Middagstilbudet er mao ikkje berre for dei som går i kor, men eit tilbud til alle, om å kjøpe seg rimeleg middag, og få eit sosialt og godt måltid før ein skal vidare. Dette er ei god muligheit til å møte nye, både nye og gamle landsmenn, og til å invitere med seg nokon. Slik kan dette fungere som eit praktisk diakonalt tiltak også, i tillegg til at overskotet går til misjonsprosjektet I Thailand. Misjonsinformasjon vert gjeve på nokre av middagane, med bilder og brosjyrer. Stor takk til trufaste middagsskokarar frå NMS-misjonsforening. Eit godt samarbeid kyrkje/misjon.

Kyrkjerommet

Dei kvite skjermene i kyrkjerommet er no borte,- og nye projektorar er montert slik at dei kvitmala takflatene blir nytta. Døypefonten vart plassert på podiet medio september 2015.

Nye medarbeidarar

Dette året har vi fått to nye og dyktige medarbeidarar, Katrine Numme Ungdomsarbeidar 100% og Anna Myklebust Trusopplærar 80%

Økonomi

Økonomien til Sykkylven sokneråd er god. Noko som gir oss friheit til å kunne støtte opp om nye prosjekt og saker vi vil prioritere.

Nokre nøkkeltal:

Pr. 31.12.2016 har Sykkylven sokneråd kr. 2 288 649,- i diverse fond. I 2016 hadde vi eit overskot på kr. 33 639,- som blei overført til fond. Avsetninga til fond var på kr. 138 196,-, mens bruken var på kr. 104 557,-. Auke i fondssaldoen frå 2015 til 2016 er dermed kr. 33 639 ,- (jf. vedlegg). Detaljert regnskap kan ein få ved å ta kontakt med kyrkjeverjen/daglig leiar.

Kyrkjelydsarbeid og gudstenester

Soknerådet har hatt samtale om **dåp**, i høve til den nasjonale satsinga Dåpsløftet, og kva vi ynskjer hos oss. Frå å ha ei grense på 4 dåp pr gudsteneste,- er det endra til at ein no ikkje har tak på antal dåp. Dette for å inkludere flest muleg, mest mulig. Å møte menneske som søker tilhøring og nådemiddel. Soknerådet har vore opptekne av vekst i kyrkjelyden, både i korleis vi møter kvarandre, antall menneske som deltar i ulikt kyrkjelydsarbeid, og at trua og kjærleiken hjå den enkelte skal styrkast. Vi ynskjer å halde fram ein visjon: *Det er Jesus vi forkynner, for å føre kvart menneske fram til mognad i Kristus.*(Kol. 1,28)

Vi har mykje arbeid for barn og ein del for unge. Viser til eigen rapport.

I tillegg til dei vanlege gudstenestene er det 4 husgrupper som samlast anna kvar veke eller 1 g pr mnd. Dette er eit viktig supplement til gudstenesta, der ein kan få eit mindre og nærare fellesskap.

Gudstenestebesøket på dei vanlege gudstenestene har auka det siste året, sjå statistikk nedanfor. Dette skjer ikkje minst fordi det gjennom mange år har vore jobba godt for å styrke gudstenesten, med inkludering av friviljuge og ei styrking av søndagsskulen. Søndagsskulen gjennom sine trufaste arbeidssomme leiarar, gjer at kyrkja vert ein naturleg

samlingsplass for heile familien søndagane.

Frå årsmelding 2016

Vanlige (forordna) gudst. = gudstenester på søn- og helligdag – ikkje konsertar, konfirmasjonsgudstenestene (2 gt.) og julaften (2 gt.).

År	Deltakarar	Ant. Gt.	Gj. snitt	Nattverddeltakarar	Ant. Gt.	Gj. snitt
2006	6316		134	1228		58
2007	5811		135	1056		55
2008	5764		134	772		48
2009	5665		141	1046		48
2010	7507		163	1858		81
2011	7974		170	2176		94
2012	7008		167	1498		72
2013	7664		160	2083		86
2014	8131		173	2442		90
2015	8055		172	2436		93
2016	6605	44	150	1998	23	87

Sykkylven sokneråd vil takke alle frivillige som gjer ein stor innsats for arbeidet i kyrkjelyden. Takk også for godt samarbeid med staben.

".. Gud er mektig til å gje dykk alle gåver i rikt mål, så de alltid og i alle høve skal ha alt de treng, ja, ha overflod til all god gjerning." 2.Kor.9.8.

Sykkylven kyrkjelyd vil vitnet i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere :

Vedkjennande, open, tenande og misjonerande.

Vi vil tilbe og vedkjenne trua på den treenige Gud saman med den verdensvide kyrkje. Vi vil vere eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald. Vi vil vise miskunn, fremje rettferd og verne om skaparverket. Vi vil vitne om Jesus Kristus her vi er og vidare utover.

Måla for alt arbeidet vi gjer er at :

vi skal vere med på at det vert **"meir himmel på jorda."**

For Sykkylven sokneråd

May Lisbeth Hovlid Aurdal

- Soknerådsleiar -